



Sakshandsamar:

Adrian Husabø Bjørseth
E-post: Adrian.Husabo.Bjorseth@sfj.no
Tlf.: 90247175

Vår ref.

Sak nr.: 18/8511-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

2018-0291

Dato

LEIKANGER, 19.10.2018

Sigvald Kvinge
Sleirsvegen 632

5986 HOSTELAND

Svar - Søknad om tilskot til etablering av beredskapssenter for naudetatar

Vi viser til dykkar søknad datert 15.10.2018 der de søkjer om 900 000 kr. til prosjektet «Etablering av beredskapssenter for naudetatar». Formålet med prosjektet er å opprette eitt regionalt beredskapssenter for naudetatar i Gulen industrihamn. Målet er at senteret skal bli eit nasjonalt øvingsfelt for samtrening mellom naudetatar og næringsliv.

Vi ser positivt på prosjektet, men søknaden er ikkje innanfor våre satsingsområde. Vi har og avgrensa midlar og må prioritere innsatsen der vi får størst effekt, og dei prosjekta som er mest i tråd med våre planar og prioriterte satsingar.

Søknaden om støtte til etablering av beredskapssenter for naudetatar får avslag. Dette vert grunngeve med at søknaden ikkje ligg innanfor næringssektoren sine satsingsområde. Avslaget er gjort med henvising til retningsliner for virkemiddelbruk, der administrasjonen har høve til å avslå søknaden som ligg utanfor satsingsområda til næringssektoren.

De har høve til å klage på vårt vedtak innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage sender de til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nærare opplysningar om retten til å klage finn du i vedlagte skjema. Meir utfyllande informasjon finn du i Klagehandboka på www.sfj.no. Har du fleire spørsmål om dette kan du kontakte sakshandsamar.

Med helsing

Endre Høgalsmen
Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Adrian Husabø Bjørseth
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Klageskjema

Mottakar (ar)

Sigvald Kvinge Sleirsvegen 632 5986 HOSTELAND